



REFERAT FRÅ STYREMØTE I OLAV SLETTOSELSKAPET 10.MARS 2012.

Styret i Olav Sletto.selskapet heldt møte i Hol bygdearkiv laurdag 12. mars.
Til stades: Britt-Mari Sletto, Eva Almhjell, Kåre Olav Solhjell og Arne Skogheim.
Arild Mikkelsen hadde meldt forfall.

Saker:

1. Referatsaker.

a) Alle prosjekttildskot i samband med 125-årsjubileet er no mottekne.

b) Kostnad med ny nettside.

Sluttoppgjer 23/2-12, samla kostnad kr. 20062,50.

Britt-Mari Sletto tek på seg arbeidet med scanning av årshefte og årbok.

Alle tidlegare årsmeldingar vil bli lagt ut på nettsidene.

c) Prosjekttildskot 2012 på kr.10000,- er motteke frå Hol sparebank.

Takkeskriv sendt 9/3-12.

d) Kontingentinnbetaling 2012 pr. 10.mars 65 innbetalingar a kr.100,-.

Manglande innbetaling frå 24 tidlegare medlemer.

2 utmeldingar mottekne.

2. Årsmøtet 2012.

Årsmøtet blir fastsett til 16. juni kl.12 på Vika velferdssenter.

På val til styret Arne Skogheim og Kåre Olav Solhjell + varamedlemene Eli Sælid og Odd Oleivsgard. Revisorar Rangdi Skorve og Borgny Thorsrud.

Valnemnda v/ Knut Medhus har fått melding.

Årsheftet 2012 vil innehalda nytrykk av ”Glør” (1931) med føreord av Arild Mikkelsen.
Arne Skogheim skriv ein artikkel om Sletto-selskapet sine første ti år.

3. Per-prosjektet v/ Eva Almhjell.

Styret drøfta inngåande det første utkastet frå Eva Almhjell. Ho arbeider vidare med stoffet ut frå dei tilbakemeldingar styret gav. Prosjektet vil bli nærmare drøfta på årsmøtet.

Ref. Arne Skogheim.